



Planarealet vert truleg alt på nedsida av Fylkesveg 48. Mørkevågen er medrekna i planområde. (Arkivfoto)

Uskedalen.no har før skrive om oppstart av detaljregulering for Børnes Næringsområde 134/34 med fleire. Varsla oppstart er gjort i medhald av Plan og bygningslova. I morgon, onsdag 28. august kl. 18.00, er det ope møte i Helgheim (Merk: Flytta til Helgheim grunna samanfallande møte i Gamleskulen).

Med dette arbeidet vert eksisterande reguleringsplan frå 1978 oppheva. Planen er gamal og held ikkje dagens standard. Målet med planarbeidet er å leggja til rett for dagens- og framtidig næringsetablering. Det er per i dag 13 tometeeigarar med næringsdrift på Børnes

Ny plan skal sikra god infrastruktur i det vel 228 dekar store område som omfattar heile Børnes. Det er vurdert at planarbeidet ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Prosjektgruppa vert med på møte. Frå kommunen er det: Kjartan Thoresen (prosjektleiar), Jarle Fossheim, Per Inge Naterstad, Synneve Seim og Anne-Lise Næs.

Alle er velkomne til ope møte om detaljregulering for Børnes Næringsområde onsdag 28. august kl. 18 i Helgheimskjellaren.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal